



Janne fekkk rosetre av UU-leiaren

Janne Olsson har runda 70 år og det vart markert på Kafe Tiaren i dag. Han fekk eit rosetre i gåve av leiar i Uskedal utvikling Kristian Bringedal og vart sterkt berømma for stor innsats gjennom mange år. Han har vore ein sentral person i UU heilt sidan skipinga i 1989.

Janne har vore i styret, både som leiar eller styremedlem i alle åra og har særleg gjort eit stort arbeid for Gamleskulen, både ute og inne.

Stikkordmessig kan nemnast skifte av tak ute, installasjon, nytt kjøkken, montering av lydplater inne, renovering av kjellaren som pågår no, plen og leikeutstyr i uteområdet, vatn oig avlaup, straumkabel og inntaksskåp.

- Vi må heller ikkje gløyma det store arbeidet Janne la ned for å få regulert og tilrettelagt for bustadbyggjing i Myro. Det var eit vellukka prosjekt for menneske i alle aldrar og med ulikt funksjonsnivå, seier Bringedal.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen